

SØKNAD OM DISPENSASJON

For tiltak på eigedom: Gnr. 445 bnr. 322

Søknaden innsendes av :

Tiltakshavers navn: Alver kommune

Tiltakshavers adresse: Postboks 4, 5906 FREKHAUG

Kontaktperson: Daniella Svindal Fernando, avdeling utbygging og avtaler.

Jeg / vi søker om dispensasjon fra:

Det vert vist til innsend søknad om frådelling av eigedom på gbnr 445/322, jfr. saksnr 22/4354.

Tilbakemelding på innsend søknad er at det er naudsynt å søkja om dispensasjon frå krav om regulering for å få frådelt arealet. Del av areal som skal frådelast er ikkje regulert og sett av til byggeområde i kommunedelplan for Radøy, som det er krav om at skal inngå i reguleringsplan før mellom anna løyve til deling kan gjevast, jfr. punkt 2.1 i føresegna til Kommunedelplan for Radøy.

Det vert søkt om permanent dispensasjon frå dette kravet i kommunedelplan for Radøy.

Grunngiving for dispensasjonssøknaden:


Heimel for dispensasjon følgjer av pbl §19-2 andre ledd. «*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.*»

Kommunen som tiltakshavar kan ikkje sjå at dispensasjon i dette tilfelle vil gje nemneverdige ulempar eller at omsynet bak føresegna blir vesentleg tilsidesett. Kommunen skal frådele eigdommen for å selje vidare til utbyggjar som skal bygga omsorgsbustader i tråd med reguleringsføremålet i kommunedelplan for Radøy, kor arealet er avsett til bustadføremål.

Fordelen med å gje dispensasjon i dette tilfellet er at det vil bidra til ein meir heilskapeleg utvikling og utbygging av eit område, som ivaretar eit samfunnsmessig behov. Vi kan ikkje sjå at ein frådelling vil gje nokon konsekvensar for framtidig regulering, eller ein presedens virkning for tilstøtende eigedommar. Det aktuelle arealet er ein samla eigedom med eit gards- og bruksnummer, kor halve eigdommen allereie er regulert. Det er tale om eit lite areal som ligg uregulert, og som det ikkje vil vere hensiktsmessig å kreve reguleringsplan for før ein frådeler arealet. Vi kan ikkje sjå nokon negative virkningar av ein eventuelt frådelling.

Kommunen vurderer difor at søknaden om dispensasjon oppfyller vilkåra i pbl § 19-2.

Signatur(er):

02.08.22 

Dato og underskrift

tiltakshaver

Vedlegg:



Beskrivelse av vedlegg	Vedlagt	Ikke Relevant
Kvittering for nabovarsel	X	
Tegninger		
Situasjonsplan	X	
Andre vedlegg:		